

ULRIKEN TAUBANESELSKAP AS  
Statsminister Michelsens veg 38  
5230 PARADIS

Dato: 02.07.2018  
Vår ref.: 2018/9120-6  
Saksbehandlar: torrods  
Dykkar ref.:

## Søknad om overføring av ruteløyve frå Bergens2 AS til Ulriken Taubaneselskap AS

### Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.05.2018

#### Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

#### Vedtak

Fylkesutvalet godkjenner søknad av 18. mars 2018 frå Ulriken Taubaneselskap AS om å overta frå Bergens2 AS ruteløyve for strekninga Bontelabo – Haukelandsbakken på følgjande 4 vilkår:

1. Ruteløyvet gjeld til og med 30. september 2023.
2. Alle passasjerar skal ha av- eller påstiging i Haukelandsbakken.
3. All bruk av haldeplassar skal vere for snøggast mogleg av- eller påstiging.
4. Stopp i bussterminalar skal berre finne stad etter avtale.

Rolf Rosenlund  
seksjonsleiar

Tor Harald Rødseth  
Seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

BERGENS2 AS

Arkivnr: 2018/9120-4  
Saksbehandlar: Tor Harald Rødseth

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel	58/18	15.05.2018
Fylkesutvalet	155/18	31.05.2018

## Søknad om overføring av ruteløyve frå Bergens2 AS til Ulriken Taubaneselskap AS

### Samandrag

Ulriken Taubaneselskap har søkt om å overta Bergens2 sitt ruteløyve for tilbringarruta til Ulriksbanen. Spørsmålet om ruta skal vidareførast eller ikkje er ikkje tema for saka. Ulriken Taubaneselskap oppfyller dei formelle krava for å overta drifta. Fylkesrådmannen finn det tenleg at tilbringarruta vert vidareført, og finn ikkje heimel for å avslå søknaden frå Ulriken Taubaneselskap.

**Økonomi:** Ingen verknad.

**Klima:** Ingen verknad.

**Folkehelse:** Inga verknad.

**Regional planstrategi:** Dersom søknaden vert avslått vil det svekkje Bergen som turistmål.

### Forslag til innstilling

Fylkesutvalet godkjenner søknad av 18. mars 2018 frå Ulriken Taubaneselskap AS om å overta frå Bergens2 AS ruteløyve for strekninga Bontelabo – Haukelandsbakken på følgjande 4 vilkår:

1. Ruteløyvet gjeld til og med 30. september 2023.
2. Alle passasjerar skal ha av- eller påstiging i Haukelandsbakken.
3. All bruk av haldeplassar skal vere for snøggast mogleg av- eller påstiging.
4. Stopp i bussterminalar skal berre finne stad etter avtale.

### Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 15.05.2018

Det var 14 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet godkjenner søknad av 18. mars 2018 frå Ulriken Taubaneselskap AS om å overta frå Bergens2 AS ruteløyve for strekninga Bontelabo – Haukelandsbakken på følgjande 4 vilkår:

1. Ruteløyvet gjeld til og med 30. september 2023.
2. Alle passasjerar skal ha av- eller påstiging i Haukelandsbakken.
3. All bruk av haldeplassar skal vere for snøggast mogleg av- eller påstiging.
4. Stopp i bussterminalar skal berre finne stad etter avtale.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.05.2018**

#### **Røysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak**

Fylkesutvalet godkjenner søknad av 18. mars 2018 frå Ulriken Taubaneselskap AS om å overta frå Bergens2 AS ruteløyve for strekninga Bontelabo – Haukelandsbakken på følgjande 4 vilkår:

1. Ruteløyvet gjeld til og med 30. september 2023.
2. Alle passasjerar skal ha av- eller påstiging i Haukelandsbakken.
3. All bruk av haldeplassar skal vere for snøggast mogleg av- eller påstiging.
4. Stopp i bussterminalar skal berre finne stad etter avtale.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 16.04.2018****Bakgrunn**

Ulriken Taubaneselskap AS<sup>1</sup> (UT) har i brev motteke 18.03.18 søkt om å overta frå Bergens2 AS<sup>2</sup> (B2) ruteløyve for strekninga Bontelabo i Bergen sentrum – Haukelandsbakken etter nogjeldande ruteplan. Dette er ei tilbringarrute til/frå Ulriksbanen.

**Saksopplysningar**

UT og B2 har same daglege leiar og forretningsadresse. Ettersom B2 ikkje har merknader til det, vert søknaden handsama etter regelen i yrkestransportlova (ylo) § 18 om at «[e]in løyvehavar kan ikkje overlate løyvet sitt til andre utan samtykke frå løyvestyresmakta». B2 har ikkje merknader til dette.

B2 sitt nogjeldande ruteløyve blei tildelt av fylkesutvalet i møte 25.09.13 på grunnlag av ei behovsprøving etter ylo § 6 (1). Det er i ylo § 27 (3) fastsett at slike løyve gjeld i 10 år. Fylkesutvalet skal difor ikkje vurdere om den aktuelle ruta skal drivast vidare, men om UT skal få løyve til å ta over drifta ut eksisterande løyveperiode.

For at UT skal kunne få overta, må dei dokumentere god vandel, godkjent fagleg kompetanse og tilfredsstillande økonomi, etter reglane i ylo §§ 6-10. UT har lagt fram slik dokumentasjon, og er såleis formelt kvalifisert for å få overta det aktuelle ruteløyvet frå B2.

Fylkesrådmannen legg til grunn at B2 ikkje ønskjer å vidareføre drifta av den aktuelle ruta. Dersom søknaden om å overføre ruteløyvet til UT ikkje vert godkjent av fylkesutvalet, kan ein såleis kome til å stå utan tilbringarrute til/frå Ulriksbanen. Bana er eit viktig turistmål i Bergen.

**Fylkesrådmannen si vurdering**

Fylkesrådmannen finn at det vil vere positivt for reisande, turistnæringa og folkehelsa om tilbringarruta til Ulriksbanen held fram. Fylkesrådmannen finn ikkje heimeleg for å avslå søknaden om å overføre det aktuelle ruteløyvet frå B2 til UT. Fylkesrådmannen rår av desse årsakene til at søknaden frå UT vert godkjent. Ettersom søknaden gjeld overtaking av ruteløyve, rår fylkesrådmannen til at vilkåra for ruteløyvet vert ståande uendra.

---

<sup>1</sup> Org.nr 992 275 618.

<sup>2</sup> Org.nr 995 360 330.